

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
035	Knut Øyjordet	17.04.20	17/20

RETNINGSLINER FOR UTLEIGE AV FJELLSTYREHYTTENE*Saksdokument:*

Sak 27/16 i fjellstyret.

Saksutgreiing:

I spørsmål om utleige av fjellstyrehyttene vedtok fjellstyret m.a. i sak 27/16:

Fjellstyret vidarefører ordninga med utleige av Vågåbue, Bessvassbue, Gjendeosbue, Vargebue, "gjetarhytta" ved Nedre Leirungen og Forsthytta etter følgjande retningsliner:

- *Vågåbue, Bessvassbue og Gjendeosbue blir primært stilt til disposisjon for innanbygds. "Gjetarhytta", Vargebue og Forsthytta blir leidt ut både til innan- og utanbygdsbuande, og blir utleidt ved bruk av Inatur.*
- *Frå 15. juli blir Vågåbue, Bessvassbue og Gjendeosbue leidt ut for to og to døgn og med ein søknadsfrist (15. juni). Tildeling skjer om nødvendig ved loddtrekning. I periodar når pågangen er mindre, blir hyttene leidt ut til dei som melder seg først, og kan bli leidt ut for fleire døgn om gongen. Dei som søker tre veker før aktuell tid har fortrinnsrett. Dersom det er stor pågang for påska og vinterferien, blir hyttene tildelt for fem døgn om gongen og etter loddtrekning.*

Bessvassbue, Vågåbue og Gjendeosbue blir leidt ut til innanbygds i samband med jakt, fiske og friluftsliv. Desse buene blir mest brukt for utøving av fiske, og er viktige for hausting av fiskeressursane. Ny Gjendeosbu var ferdig i 2008 og blir leidt ut heile året. Ny Bessvassbu var klar for bruk i 2012, og har så langt vorte leidt ut berre sommar og haust. Bue ved Nedre Leirungen vart ferdig renovert i fjor. Leirungdalens beiteland får nytte den gratis i døgna ved «beiteslepp» og døgna om hausten når det er hovudsank, samt inntil 10 døgn i perioden 1. juni – 14. september. Vargebue er ei populær bu blant utanbygds, både sommar og vinter, og særlig etter innføring av booking på Inatur. Det same med Forsthytta, som også nyleg har vorte renovert. Det har vore ein nedgang i bruken av Vågåbue og Gjendeosbue dei siste åra.

Vurdering:

Vågåbue, Gjendeosbue og Bessvassbue bør bli vidareført til bruk for innanbygds fordi dei er så viktige for fisking på Gjende og Bessvatnet. Det bør bli innført ei nettbasert booking også for desse tre buene, dersom ein finn ei praktisk god løysing på det. Vi veit ennå ikkje kor populær bu ved Nedre Leirungen blir. Den bør i utgangspunktet blir tilgjengeleg for alle og bli lagt ut på Inatur for booking heile året. Tida får vise om det skal øyremerkast periodar på året som innanbygds skal ha fortrinnsrett.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret vidarefører ordninga med utleige av Vågåbue, Bessvassbue, Gjendeosbue, Vargebue, bue ved Nedre Leirungen og Forsthytta etter følgjande retningsliner:

- Vågåbue, Bessvassbue og Gjendeosbue blir leigd ut til innanbygds. Bue ved N. Leirungen, Vargebue og Forsthytta blir leigd ut til både innan- og utanbygds, og med booking på Inatur.
- Vågåbue og Bessvassbue blir primært leigd bort sommar og haust, og Gjendeosbue heile året. For sommarsesongen er søknadsfristen 15. juni, og tildeling skjer om nødvendig ved loddtrekning. I periodar med stor pågang, blir buene leigd bort i inntil 4 døgn til ein og same person. Utover dette blir buene leigd ut til dei som melder seg først, og kan bli leigd ut for fleire døgn om gongen.
- Dersom det er stor pågang for leige i vinter- og påskeferien, blir Gjendeosbue tildelt for inntil fem døgn om gongen og etter loddtrekning. Søknadsfristen er ein månad før første helg i aktuell ferie.
- Dersom ein finn ei god løysing for det, så kan det bli innført nettbasert kjøp for leige av Gjendeosbue, Vågåbue og Bessvassbue (gjeld berre innanbygds).

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Vågåmo, 17.04.20

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrrene.no